

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/10123-2

Klage på tilsegn på utvida bruk av eksisterande avkøyrslе fv. 243 – gbnr. 4/1 – Aurland kommune

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klage frå Geir Aas over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak i brev av 13.08.15 vert ikkje teken til følgje.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Oversendingsbrev frå Statens vegvesen Region vest, med vedlegg
Klage frå Geir Aas

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samband med søknad om fritidsbustad søkte Geir Aas på vegne av Egil Aas om utvida bruk av ei eksisterande jordbruksavkøyrslе. Eigedomen ligg langs fylkesveg 243 i Aurland kommune. Eksisterande avkøyrslе blir nytta som tilkomst til beiteområde.

Etter synfaring på staden konkluderte Statens vegvesen Region vest med at sikta i avkøyrslе er tilfredstillande dersom vegetasjonen blir rydda, men at utforminga ikkje er tilfredstillande slik den er i dag. Regionvegkontoret gav tilsegn til utvida bruk, men stilte fleire vilkår for løyvet, mellom anna følgjande vilkår om at avkøyrslе vert utbetra slik at den tilfredsstiller dagens krav:

«Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt foran og i samsvar med vedlagde situasjonsplan og «Krav til utforming av avkøyrslе». Avkøyrslе må utbetrast i samsvar med vedlagde typeteikning. [...] Det må opparbeidast tilfredstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg. Parkering må skje inne på eigen eigedom og ikkje langs fv. 243.»

Vedtaket til regionvegkontoret er heimla i veglova §§ 40 og 43.

Geir Aas klaga på vedtaket i brev av 09.09.15. Klagen gjeld vilkåra om opparbeiding og utbetring av avkøyrslе.

Regionvegkontoret fann ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje, og sende saka over til fylkeskommunen ved brev dagsett 30.09.15

Fylkeskommunen er klageinstans i saker som gjeld avkøyrsløse frå fylkesveg. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er fylkesutvalet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. delegeringsreglementet kap. 1.4.3.

2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande

Klagar ber om at vilkår om utbetring blir vurdert på nytt, då bruken av vegen avgrensar seg til fire-fem gongar i året.

Bilen skal stå parkert innanfor grinda, og er såleis ikkje i vegen om to bilar må nytte avkøyrsla til å passere kvarandre på fylkesvegen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Avkøyrsløse frå fylkesveg kan ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret, jf. veglova § 40 andre ledd. Regionvegkontoret kan sette vilkår for løyve i tråd med dei reglar som Vegdirektoratet fastset, mellom anna vilkår om utforming og vedlikehald, sjå veglova §§ 40 tredje ledd og 43.

Vegdirektoratet har utforma retningslinjer for handsaming av avkøyrsløsesaker og rettleiar for utforming av veg- og gatekryss, sjå Handbok R701 og Handbok V121.

http://www.vegvesen.no/attachment/61498/binary/963996?fast_title=H%C3%A5ndbok+R701+Retningslinjer+for+behandling+av+avkj%C3%B8rselsaker.pdf
<http://www.vegvesen.no/attachment/75045>

Avkøyrsla som Geir Aas søker om utvida bruk av oppfyller ikkje Vegdirektoratet sine krav. Regionvegkontoret skriv følgjande om avkøyrsla i oversendingsbrevet:

«Vi gir ikkje løyve til utvida bruk utan at avkøyrsla er tilfredstillande opparbeidd. Dagens avkøyrsløse er ikkje tilfredstillande opparbeidd, det er ikkje høve til å snu på eigen eigedom, svingradius er ikkje i samsvar med krava vi stiller.»

Statens vegvesen Region vest har difor, med heimel i veglova §§ 40 og 43, sett som vilkår for utvida bruk av avkøyrsla at den må utbetrast slik at den samsvarer med Vegdirektoratet sine retningslinjer for avkøyrsløse.

Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret si vurdering av at avkøyrsla må utbetrast dersom det skal gjevast løyve til utvida bruk. Fylkesrådmannen vil særleg framheve at omsynet bak krava til utforming av avkøyrsløse er trafikktryggleik og god trafikkavvikling. Det må difor stillast krav til utforming sjølv om bruken av avkøyrsla er liten. Fylkesrådmannen peikar på at det er av stor tyding for trafikktryggleiken at kryss og avkøyrsløse blir utforma riktig. Mellom 30 og 40 % av alle politirapporterte ulykker skjer i kryss og avkøyrsløse. Det er presisert i Handbok R701 at risikoen for ulykker kan reduserast ved å velje krysstypar som reduserer risikoen for ulykker.

Dersom eksisterande avkøyrsløse ikkje blir utbetra kan utvida bruk medføre trafikkfarlege situasjonar og auke risikoen for ulykker.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret si vurdering av saka, og ser ikkje nokon grunn til å gjere om på vedtaket. Fylkesrådmannen tilrår difor at klagen ikkje vert teken til følgje.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑